Kan vinna tur med 71 grader nord.

16.03.2016

TVNorge arrangerer no ein konkurranse om ein topp-tur saman med Bergans. Konkurransen føregår på facebook, og fem vennepar vinn kvar sin premie som er ein uforgløymeleg topptur. Blant deltakarane i konkurransen er Uskedalsjenta Stine Saghaug saman med venninna Linda Årtun frå Rosendal.

Det er altså fem par som får delta, og akkurat no er Linda og Stine svært nær ved å verta blant vinnarane. Men dei treng fleire stemmer, for dei ligg no som nummer 6. I det øyebikket dette vert skrive, er dei berre 12 stemmer frå å klatra opp blant dei fem vinnarane.

Vi kan hjelpa dei til å nå dette målet ved å klikka inn på denne lenkja og stemma på dei.

Vinnarturen går 16.-18. april, og dei fem vinnarpara skal møta på Gardermoen. Derfrå vert dei frakta direkte til ein 71 grader nord-etappe, som også haustens deltakarar skal gå. Premien har ein verdi på 80.000 kroner.

Vi seier berre: STEM I VEG!! Siste dag for stemming er i morgon, 17.mars.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå konkurransepresentasjonen